

Pilegrimstradisjonen og pilegrimsspelet «*Dei urolege av hjarte*»

Av *Håvard Ovrum*

Tylldalsbygda har ikkje alltid vore utkant. Gjennom bygda gjekk det i fleire hundreår ei sterk ferdselsåre. Det var pilgrimsleia til Nidaros, til Olavsbrunnen. Sørfrå og austfrå kom straumane, før dei samla seg og kom ned i Tylldalen. Derifrå tok dei leia vidare nordover eller vestover for å møtes att i



Scene fra Olsokspelet i 1993.

Nidaros. Frå fjellet kom dei ned Olsberget – Olavsberget. Her var det godt å kvile, med utsyn over dalen og leia vidare. Her vart ei av dei første kjerke-ene i nord-dalen bygd, omkring 1170, seier forskarane.

Da Ola Jonsmoen og Ellef Røe i 1976 tok til å lage eit Olsokspel for Tylldalen Bygdetun, låg stoffet for ein stor del ferdig. Pilegrimstradisjonen hadde ein, tida og tunet – den gamle prestegarden likeså. Men utforminga er Jonsmoen si eiga, og temaet er allmenneskeleg – det urolege hjarte. Ellef Røe har sett musikk til visene og salmane i stykket, og han har arbeidd ut frå klanger for å få til den rette mellomalderdåmen.

Stykket går føre seg på 1100-talet og syner eit møte mellom bygdefolk og ein flokk pilegrimar som kjem ned frå fjellet. I flokken finn vi menneske med ulike motiv for å vandre til Nidaros. Ikkje alle i bygda tek like godt i mot dei heller, av ulike grunnar. Også blant bygdafolk fins det uro, av mange slag. Hovudmotivet – det urolege hjarte – finn ein like gjerne hos isolerte bygdemenneske som hos farande folk. Stykket syner at også i ei lita bygd kan det finnas stor spennvidde i sinnet hjå folk.

Arbeidet med pilegrimsspelet har vorte ein viktig del av museumsarbeidet, og vi vonar at Tylldalen Bygdetun skal vere ein stad der gammal kultur og ny, skapande aktivitet møtes, til glede og utbytte for mange.